



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokn

Protokoll frå møte i

Askvoll sokneråd

Tid: 11.06.2025 kl. 18:00

Stad: Kvammen kapell

Før møtet var det synfaring på Gjelsvik gravplass og i Kvammen kapell

Møtande medlemmer og varamedlemmer:

Terje Mork	Nestleiar	
Arnt Johny Langeland	Medlem	
Lillian Gjervik	Medlem	
Frida Melvær	Medlem	
Jarle Magnus Vilnes	Medlem	
Jostein Gryte	Medlem	
Oddgun Grane	Medlem	
Vidar Kaland	Varamedlem	
Knut Magne Nesse	Varamedlem	(Ikkje til stades i sakene 24-26)

Forfall:

Wenche Ness Gabrielsen	Leiar
Synnøve Melvær	Medlem
Dag Erlend Grane	Medlem
Gro Eikebø Stang	Medlem

Møtande frå administrasjonen og andre møtande:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
Sabina Baylarbayova	Kantor

Sakliste:

Saksnr	§	Sakstittel	Sakshandsamar
SR 2025/24		Godkjenning av innkalling og dagsorden	Rune Ziener
SR 2025/25		Godkjenning av protokoll frå møte 30.04.2025	Rune Ziener
SR 2025/26		Skriv, meldingar og drøftingar	Rune Ziener
FR 2025/27		Samarbeidsstilling for kyrkjeleg undervisning og læring (trusopplæring)	Rune Ziener
FR 2025/28		Instrumentplan for Askvoll sokn	Rune Ziener
SR 2025/29		Plan for kyrkjeleg undervisning og læring. Tiltaksplan for hausten 2025 og justering av plandokument	Rune Ziener
SR 2025/30		Plan for kyrkjemusikk. Aktivitets- og tiltaksplan hausten 2025 og planjusteringar.	Rune Ziener
SR 2025/31		Offerliste t.o.m. september 2025	Rune Ziener

Askvoll, den 11.06.2025

Rune Ziener
referent

SR 2025/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre.

SR 2025/25 Godkjenning av protokollen frå møte 30.04.2025

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 26.03.2025.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 26.03.2025.

SR 2025/26 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 13/2025	Bjergvin biskop: <i>Godkjenning av søknad om løyve til å henge opp votivskip i Askvoll kyrkje</i> (02.05.2025)
M 14/2025	Bjergvin bispedømeråd: Invitasjon til Bjergvinsamtalen 2025
M 15/2025	Møtereferat kyrkjelydsutvalet i Askvoll 23.05.2025

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

FR 2025/27 Samarbeidsstilling for kyrkjeleg undervisning og læring (trusopplæring)

UTGREIING

Bakgrunn for saka

Kyrkjeverjene i fellesrådsområda Hyllestad-Askvoll-Fjaler har arbeidd vidare med mogleg stillingssamarbeid om stilling for kyrkjeleg undervisning og læring (tidlegare trusopplæring) etter at ein ikkje lukkast med tilsetting i stillinga vinteren 2025. Også Høyanger kyrkjelege fellesråd er i ettertid kopla inn som mogleg samarbeidspart. M.o.t. rekruttering er det ønskeleg at ein lyser ut ei 100% stilling.

Imidlertid kan det sjå ut som at med sjølv med desse fire fellesrådsområde omfatta av samarbeidet er ein i grenseland når det gjeld finansiering av ei slik stilling med berre trusopplæringstilskot. Ein har difor prøvd å utvide stillingssamarbeidet óg til å omfatte bispedømmet eller kristelege organisasjonar.

Bispedømmet er positive til eit slikt samarbeid ved at stillinga i tillegg til lokalt trusopplæringsarbeid også skal omfatte oppgåver som avlastar prestetenesta. Dette vert i hovudsak medverknad ved gudstenester, men kan og omfatte ansvar for konfirmantundervisninga, leirarbeid etc.

Bispedømmet vil kunne gå inn i eit samarbeidsprosjekt for ein 3-årsperiode for ei stilling, der ein får eit årleg tilskot på kr 150.000,- til stillinga.

Økonomiske vurderingar, Askvoll

Tilskotssum til Askvoll er kr 401.243,- for 2025 (kr 245.000,- grunna mindreforbruk i 2024 kjem til nedtrekk her) som ein med gjeldande tilskotsordning vil utgjere årleg tilskot. Merk her at tilskotsordninga er under revidering, og her kan komme endringar frå 2028. Med om lag kr 400.000,- i årleg tilskot vil Askvoll åleine kunne finansiere opp mot 35% stillingsdel om ein nyttar heile tilskotet, og den som vert tilsett vert lønna i høgste lønnsgruppe.

Om ein legg inn prosjektfinsieringa vert Askvoll sin andel redusert til noko over 340.000,- og det står att i underkant av kr 60.000,- til aktivitet/materiell (utanom det som er eigenfinansiert).

Ein tek sikte på positiv tilslutnad frå alle dei involverte samarbeidspartar i løpet av juni månad, og at utlysing kan skje i august.

For i det heile tatt få på plass ei stilling, bør ein kunne forplikte seg til eit 3-årig prosjekt. Ein tek sikte på tilsetting frå 01.01.2026.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd forpliktar seg på ei 3-årig samarbeidsstilling for kyrkjeleg undervisning og læring saman med fellesråda Hyllestad, Høyanger og Fjaler som byggjer vidare på arbeidet som allereide er gjort for tilsetting i felles stilling.
2. Askvoll sokneråd forpliktar seg på ein finansieringsdel på inntil 35% av prosjektkostnaden etter frådrag av bispedømmet sitt tilskot på kr 150.000,- årleg.
3. Askvoll kan ta på seg rolla som vertsfellesråd i samarbeidsområdet, om dette vert aktuelt.
4. Kyrkjeverja har fullmakt til å ta avgjerder på soknerådet sine vegner når det gjeld endeleg utforming av prosjektplan, stillingsbeskrivelse og utlysingsstekst.
5. Tilsetting skjer etter gjeldande reglement i vedkommande fellesråd som vert vertsfellesråd for samarbeidsområdet.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd forpliktar seg på ei 3-årig samarbeidsstilling for kyrkjeleg undervisning og læring saman med fellesråda Hyllestad, Høyanger og Fjaler som byggjer vidare på arbeidet som allereide er gjort for tilsetting i felles stilling.
2. Askvoll sokneråd forpliktar seg på ein finansieringsdel på inntil 35% av prosjektkostnaden etter frådrag av bispedømmet sitt tilskot på kr 150.000,- årleg.
3. Askvoll kan ta på seg rolla som vertsfellesråd i samarbeidsområdet, om dette vert aktuelt.
4. Kyrkjeverja har fullmakt til å ta avgjerder på soknerådet sine vegner når det gjeld endeleg utforming av prosjektplan, stillingsbeskrivelse og utlysingstekst.
5. Tilsetting skjer etter gjeldande reglement i vedkommande fellesråd som vert vertsfellesråd for samarbeidsområdet.

FR 2025/28 Instrumentplan for Askvoll sokn

UTGREIING

Kyrkjemusikkutvalet har i møte 27. mai 2025 innstilt på ein samla plan for instrumenta i soknet (sjå vedlegg).

Forslaget er lagt fram som ei overordna plan, og forutset særskilte budsjettvedtak for realisering av enkelttiltak.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner instrumentplan for soknet som den ligg føre i forslaget frå kyrkjemusikkutvalet.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner instrumentplan for soknet som den ligg føre i forslaget frå kyrkjemusikkutvalet.

SR 2025/29 Plan for kyrkjeleg undervisning og læring. Tiltaksplan for hausten 2025 og justering av plandokument

UTGREIING

Med utgangspunkt i situasjonen med vakanse i pedagogstillinga, ein situasjon som truleg vil vare heile haustsemesteret, har Sabina Baylarbayova og Rune Ziener utarbeidd eit forslag til tiltaksplan for å halde oppe eit tilfredsstillande aktivitetsnivå på trusopplæringsområdet denne perioden.

Ressurskravet er primært tilsettressursar, og det vil ein primært kunne dekke opp med tilleggssarbeid for kantor finansiert med tilskotsmidlar for kyrkjeleg undervisning og læring (trusopplæringsmidlar). Med føreliggande forslag til tiltaksplan vil dette ha eit omfang på om lag 83 timar estimert.

Ikkje alle dei føreslegne tiltaka i planen ligg inne i gjeldande trusopplæringsplan, så denne er føreslege justert med nokre nye tiltak for å få samsvar mellom plan og aktivitet. Det er viktig at ein får rapportert aktivitet innan arbeidsområdet for 2025 og då bør desse tiltaka inn i planverket.

1. Forslag til tiltaksplan hausten 2025:

0 år Babysong (i plan)

25.08.2025	Askvollheimen	Sabina (evt. pluss frivillig)
08.09.2025	Askvollheimen	Sabina (evt. pluss frivillig)
22.09.2025	Askvollheimen	Sabina (evt. pluss frivillig)
01.10.2025	Askvollheimen	Sabina (evt. pluss frivillig)
29.10.2025	Askvollheimen	Sabina (evt. pluss frivillig)
05.11.2025	Askvollheimen	Sabina (evt. pluss frivillig)
26.11.2025	Askvollheimen	Sabina (evt. pluss frivillig)
01.12.2025	Askvollheimen	Sabina (evt. pluss frivillig)

8 x 4t = 32t

1-3 år Småbornssong (ikkje i plan)

23.08.2025	Askvollheimen	Sabina (evt. pluss frivillig)
13.09.2025	Askvollheimen	Sabina (evt. pluss frivillig)
04.10.2025	Askvollheimen	Sabina (evt. pluss frivillig)
01.11.2025	Askvollheimen	Sabina (evt. pluss frivillig)
06.12.2025	Askvollheimen	Sabina (evt. pluss frivillig)

5 x 4t = 20t

4 og 5 år Julevandring (ikkje i plan)

09.12.2025?	Holmedal kyrkje	Sabina+Stab
16.12.2025?	Askvoll kyrkje	Sabina+Stab

6t

4-5-6 år Undringstime (i plan)

24.08.2025	Kvammen	Sabina/Prest/Frivillig
31.08.2025	Vilnes	Sabina/Prest/Frivillig
07.09.2025	Askvoll	Sabina/Prest/Frivillig
21.09.2025	Bulandet	Sabina/Prest/Frivillig
21.09.2025	Holmedal	Sabina/Prest/Frivillig

2t + 5 x 1t = 7t

7 år Engleverkstad (i plan)

30.11.2025	Bulandet	Sabina/Frivillig
30.11.2025	Askvoll/Holmedal/Vilnes	Sabina/Frivillig
07.12.2025	Kvammen	Sabina/Frivillig

3 x 2t = 6t

8-9-10 år Barnekor prosjekt (i plan)

03.09.2025	Askvoll kyrkje	Sabina/Frivillig
17.09.2025	Askvoll kyrkje	Sabina/Frivillig
01.10.2025	Askvoll kyrkje	Sabina/Frivillig
29.10.2025	Askvoll kyrkje	Sabina/Frivillig
05.11.2025	Askvoll kyrkje	Sabina/Frivillig
26.11.2025	Askvoll kyrkje	Sabina/Frivillig

4t + 6 x 2t = 12t

Totalt 83 timar lønna frå trusopplæringsmidlar

2. Forslag til justeringar i lokal plan for kyrkjeleg undervisning og læring:

Her er lagt inn følgjande tiltak:

1-3 år: Småbornssong (gjennomført våren 2025 og planlagt hausten 2025)

4-5 år: Julevandring (planlagt hausten 2025)

6-8 år: Kyrkjesafari (gjennomført februar 2025)

Sjå vedlegg

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner tiltaksplanen for hausten 2025 som den ligg føre i forslaget, der ekstratimar for kantor og evt. andre vert finansiert med bruk av tilskotsmidlar til kyrkjeleg undervisning og læring.
2. Lokal plan for kyrkjeleg undervisning og læring vert justert i samsvar med forslaget.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner tiltaksplanen for hausten 2025 som den ligg føre i forslaget, der ekstratimar for kantor og evt. andre vert finansiert med bruk av tilskotsmidlar til kyrkjeleg undervisning og læring.
2. Lokal plan for kyrkjeleg undervisning og læring vert justert i samsvar med forslaget.

SR 2025/30 Plan for kyrkjemusikk. Aktivitets- og tiltaksplan hausten 2025 og planjusteringar.

UTGREIING

Kyrkjemusikkutvalet har i møte 29.04.2025 utarbeidd forslag til tiltaksplan for hausten:

KMU-plan del 3: Aktivitets- og tiltaksark.

Tiltaksplanen bygger på vedteke KMU-plan, del 2.

Sjå vedlegg.

I møte i KMU 27. mai har utvalet vedteke følgjande forslag til justeringar i planen sin del 2 med to tillegg. Tiltaka er tenkt ført opp i aktivitetsplanar for 2026.

Forslag til nye tiltak:

Nr	Delmål	Tiltak	Målgruppe	Omfang/frekvens	Ressurskrav
2.3.5	Gje barna konsertopplevingar og gjere dei kjent med nokre utvalde kristne barnesongar/barnesalmar	Småtroll-Trall i kyrkja	Barnehageborn 4-5 år	Ein gong pr. år. Fortrinnsvis i samband med «Barnefestivalen»	Kantor Frivillig
2.4.3	Gjere barna kjent med lucia-tradisjonen. Gje institusjonsbebuarar auka livsglede ved å legge luciatoget til Askvollheimen	Luciatog på Askvollheimen	Barnehageborn 4-5 år	Luciadagen (alt. tett opp mot luciadagen)	Kantor Samarbeid med barnehagane

Andre endringar:

Ta ut urealistiske tiltak:

Tiltak som er vanskeleg å få til pr. i dag vert flytta til del 2 (tilleggpunkt. 2.8, ønska langsiktige tiltak).

Dette gjeld pkt. 2.2.4 og 2.5.3. ungdomsband og demenskor.

Nummereringa på underpunkta i del 2 vert justert som følge av endringane.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner tiltaksplanen for kyrkjemusikk hausten 2025 som den ligg føre i forslaget frå kyrkjemusikkutvalet.

2. Askvoll sokneråd godkjenner justeringsforslaga i kyrkjemusikkplanen, del 2.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner tiltaksplanen for kyrkjemusikk hausten 2025 som den ligg føre i forslaget frå kyrkjemusikkutvalet.

2. Askvoll sokneråd godkjenner justeringsforslaga i kyrkjemusikkplanen, del 2.

SR 2025/31 Offerliste t.o.m. september 2025

UTGREIING

Gudstenesteliste t.o.m. september er fastsett, men offerformål er ikkje vedteke.

Kyrkjelydsutvala er spurt om forslag til offerformål i perioden. Innkomne forslag er sett inn i tabellen.

Kyrkje	Dato	Tid	Offerformål	Mrk
Askvoll kyrkje	20.07.2025	11:00	Lørdagsklubben	
Askvoll kyrkje	07.09.2025	11:00	Misjonsprosjektet	Konf.pres og 4-6 årsGT
Askvoll kyrkje	24.08.2025	15:00	Trusopplæringa	
Askvoll kyrkje	28.09.2025	18:00	Kyrkjemusikalsk arbeid	Salmekveld
Bulandet kapell	22.06.2025	10:15	Kyrkjelydsarbeidet	
Bulandet kapell	03.08.2025	15:00	Den Indre Sjømannsmisjon	
Bulandet kapell	21.09.2025	10:15	Bulandet kapell	Konf.pres og 4-6 årsGT
Holmedal kyrkje	06.07.2025	11:00	Kirkens Bymisjon	
Holmedal kyrkje	31.08.2025	15:00	Yngres Holmedal	Konf.pres og 4-6 årsGT
Holmedal kyrkje	21.09.2025	15:00	Sjømannskyrkja.	Konf.pres og 4-6 årsGT
Kvammen kapell	20.07.2025	14:00	Nesholmen Leirstad	
Kvammen kapell	24.08.2025	11:00	Trusopplæringa	Konf.pres og 4-6 årsGT
Vilnes kyrkje	29.06.2025	14:30	Trusopplæringa	
Vilnes kyrkje	31.08.2025	11:00	Kirkens Nødhjelp	Konf.pres og 4-6 årsGT

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner offerlista som føreslege frå kyrkjelydsutvala.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner offerlista som føreslege frå kyrkjelydsutvala.